

Sunnmørsposten

<http://www.smp.no>

Forside

Utskriftsdato: tirsdag, 21. august 2007 kl. 17:57



I atelieret sitt i Los Angeles er Rita Slotterøy i gang med finpussen på måleria til utstillinga ho opna sist helg.
(Foto: Privat)

Stiller ut i Los Angeles

Rita Slotterøy satsar på kunstkarriere i Los Angeles. I helga opna 31-åringen frå Hareid si tredje kunstutstilling i millionbyen denne sommaren.

Skrevet av: Solfrid Vartdal (tirsdag, 21. august 2007 10:25)

- Eg er veldig inspirert av det nordiske, og tidlegare måla eg ofte helleristningar og bjørketre. No er motiva meir Los Angeles-inspirerte. Palmetre er det mykje av her, og det viser att i måleria mine, fortel ho på telefon frå "over there".

Sist laurdag opna Rita Slotterøy separatutstilling i "Opus Gallery" der ho viser vel 20 måleri, og ti keramikkskulpturar inspirert av kråkeballar og sjøsvampar.

Rita Slotterøy har hatt ein aktiv utstillingsperiode denne sommaren. I april hadde ho utstilling i Raleigh Studios, - eit filmstudio der Boston Legal, CSI Miami, OC og andre tv-show blir filma. Og i juni og juli presenterte ho kunsten sin i Sjømannskirka i San Pedro.

- Salet var ganske bra, og eg fekk overraskande gode tilbakemeldingar på bilda mine. No er eg spent på responsen på denne utstillinga, seier ho.

Kunstsatsing

Det er fire år sidan Rita Slotterøy busette seg i Los Angeles. I tillegg til å vere utøvande kunstnar studerer ho kunst, keramikk og måling.

- Håpet mitt er å kunne leve av kunsten. Her i Los Angeles er det mange gode galleri, som gir opning for å få vise fram ulike kunstformer. Det er berre om å gjere å finne dei galleria som representerer det same som eg gjer med kunsten min, seier 31-åringen som er utdanna som faglærer i forming.

Langt heimanfrå

Rita Slotterøy fortel at fordi ho har busett seg så langt heimanfrå, er det viktig for henne å reise heim til familien på Hareid med jamne mellomrom.

- Eg var heime i jula, og i tre veker no i sommar. Då tek eg alltid ein del fotografi, og samlar inntrykk og inspirasjon som eg brukar når eg lagar bilde og keramikk i studioet mitt her i Los Angeles, seier ho.

<<< Tilbake

Denne siden er skrevet ut fra <http://www.smp.no> - **Sunnmørsposten**
Innholdet på websidene er beskyttet i henhold til Lov om opphavsrett til åndsverk (Åndsverksloven)